

Ruth Linda Merethe Monsen Merkesdal har i e-post av 20.11.2020 sett fram følgjande spørsmål:

«Spørsmål til fylkesadministrasjonen ved. F49 mellom Nordrepollen og Austrepollen i Kvinnherad
Dei siste dagane har uværet herja over Vestlandet. Fleire kommunar har opplevd ras, flaum og stengte vegar.
Ein av desse vegane er den svært ras-utsette strekningen mellom Nordrepollen, og Austrepollen. 17.
november gjekk det eit nytt ras på denne strekninga. Dette er pendlarveg for både vaksne og born
Det har vært uttalt å løye midlar til prosjektet- og planarbeid på strekninga. Tidlegare Jondal Kommune gjekk
inn med store midlar for å sikra ein bu- og arbeidsmarknadsregion
I 2018 vart det utarbeidt rapport til grunnlag for trase val. Det ble også formidla at planarbeid for ny tunell
skulle halda fram i 2019, og ein reguleringsplan skulle utarbeidast.
Kor står planarbeidet i dag?
Kan prosjektet få prioritet i Regional Transportplan? RTP»

Vårt svar:

På oppdrag frå dåverande Hordaland fylkeskommune utarbeida Norconsult i 2017 ein
forprosjektrapport for eit nytt samband for fv. 49 mellom Nordrepollen og Austrepollen.
Forprosjektet rådde til å vurdere to alternativ, begge totalt om lag 4,5 km lange. Linje 1 inneber
kryssing av Austrepollelva og ein tunnel på om lag 2,8 km til ein kostnad kalkulert til 651 mill. kr.
(2017). Linje 6 inneber eit nytt tunnelinnslag like ved Folgefondtunnelen med ein tunnel på om lag
3,7 mill. kr og ein kostnad på 861 mill. kr.

Norconsult rådde til å greie ut desse to veglinjene med nærmere grunnundersøkingar for å ta stilling
til kva for eit alternativa som burde veljast. Det går fram av rapporten at begge dei to linjene er
utfordrande, og det er usikkert om alternativa er kan byggast.

Kommunane Jondal, Odda, Kvinnherad og Kvam stadfesta i brev datert 2. januar 2019 at dei
ønska å forsøktere planarbeidet for å kome tidlegare i gong. Hordaland fylkeskommune
signaliserte at det ikkje var ønskjeleg med forskottering, men at det blei vurdert oppstart av
planarbeidet gjennom omdisponering av planmidlar.

Etter dette såg ein behov for ein samla gjennomgang av prioriteringane av rassikringsprosjekta i
Vestland fylke, og det vart difor ikkje starta opp arbeid med reguleringsplan for fv. 49 Nordrepollen-
Austrepollen.

For å få framdrift i prosjektet, er det starta opp eit geofagleg forprosjekt med grunnundersøkingar
der dei to alternativa vert utgreidd vidare. Målet er å avklare kva for ei veglinje som vi skal gå
vidare med i ein eventuell reguleringsplan. Intern frist er 1. februar 2021. Forprosjektet vil bli drøfta
med kommunane, og inngår som kunnskapsgrunnlag til Regional transportplan 2022-2033.

Gjennom Regional transportplan for 2022-2033 skal vi avklare prioritering av rassikringsmidlane
dei komande åra. Vi får då avklart vidare framdrift for fv. 49 Nordrepollen- Austrepollen.